



Musikarane er stort sett dei same som i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kåseri ved professor Dag Helland om utviklinga frå potetprestar til sushi blir eit høgdepunkt under kystkulturkvelden i Bøkkerverkstaden på Rød dette året. Laurdag 27. juni er kvelden og det er 13. gong dette arrangementet blir halde.



Stemningsbilete frå arrangementet i 2008. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Godseigar Hallvard og leiglending Kristian lovar som tradisjonen tilseier ein triveleg og innhaldsrik kveld i eit særeige sjøbruksmiljø, i spondungen mellom tønner, garn, ruser, teiner og tauverk. På menyen står som alltid lubbesild og potet med skalet på.

Tradisjonen gjeld også musikken: Borge Olsen kvartett spelar slik han plar gjera. Her vil far og son og andre framifrå jazzmusikarar vera i aksjon også dette året. Kjell Borge Olsen spelar trommer, Leif Henrik Borge Olsen gitar, Ole Jacob Hystad saksofon og Svein Folkvord bass.

- Betre jazzmusikarar finn ein ikkje i Sunnhordland, skryt arrangørane.

Men det blir sjølv sagt også denne gongen munnleg forteljarkunst og uventa innslag.

Dei som vil koma sjøvegen kan gjerne gjera det, for Bøkkerverkstaden har fått ei fin og rommeleg kai. Drikke av ulike slag - også vatn - må ein ta med sjølv men staden har så mykje å by på ellers - til og med snurreddass med kongebiletet!

Sundag 21. juni er påmeldingsfristen, melder godseigar og leiglending.

Av Ola Matti Mathisen